



Instruktør Øystein Fevang er ein dyktig songpedagog som med sin musikalitet, humor og formidlingsform motiverte og inspirerte koristane i Kvinnherad.

**Rosendal Songlag, Røysterett for Alle og kyrkjekoret Nordsaang var i helga samla på Malmanger skule til korseminar. Instruktør var Øystein Fevang frå Oslo. Fevang har sidan 2006 vore fast musikalsk leiar for Oslo Filarmoniske Kor. Han har vore solist på ei rekkje større framføringar både i kor og med orkester. Koristane fekk ei grundig innlæring og øving i korteknikk, noko som er grunnleggjande om eit kor skal ha framgang og lukkast med sine konsertar.**

Øystein Fevang la vekt på rett intonasjon og klang. Ein tone er ikkje ein tone, men mange tonar. Ein snakkar om overtonar Eit piano er temperert. Stemma har derimot mange naturtonar, slik vi ofte høyrer i folkemusikken. Mange av øvingane gjekk ut på å løfta ein tone til klangen var rein. Det verste er eit ureint kor der klangen er sur.

Fevang la vekt på lytting og det å ta og hugsa tonen. Mange av songane vart innøvd utan tekst og notar, men berre ved å lytta. Ein av tekstane var Leitande etter Blåmann av Vinje. Fire timar djupdykk i Blåmann bukken min gav gode resultat og førte fram til god klang og eit reinstemt kor.

Dei nær på 50 songarane var godt nøgde med eit to dagars seminar med Øystein Fevang, truleg ein av dei beste songpedagogane vi har i Kongeriket. Takk til Rosendal Songlag for vertsskap og for praktisk tilrettelegging.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Medlemer frå tre kor i Kvinnherad fekk to dagar øving i rett songteknikk.